Sunnfjord kommune



# *Felles tenestestandard for helse- og omsorgstenester i Sunnfjord kommune*

www.prosjektsunnfjord.no

# 1 Innhald

2 Mål med helse- og omsorgstenestene i Sunnfjord kommune ... 3
2.1 Kommunane sitt ansvar ... 3
2.2 Ord og uttrykk ... 4
3 Sakshandsaming ved søknader om helse- og omsorgstenester i Sunnfjord kommune ... 4
3.1 Grunnlag for tildeling ... 4
3.2 Sakshandsaming i Sunnfjord kommune ... 4
3.3 Klage over enkeltvedtak ... 5
3.4 Generelle forventningar til den som handsamar søknaden ... 5
3.5 Forventningar til tenesteytar ... 5
3.6 Forventningar til tenestemottakar ... 6
4 Avlastning barn ... 7
5 Avlastning i institusjon ... 8
6 Brukarstyrt personleg assistent (BPA) ... 10
7 Dagtilbod til eldre og personar med demenssjukdom ... 12
8 Dagtilbod 18-67 år ... 14
9 Heimehjelp ... 16
10 Heimesjukepleie ... 18
11 Individuell plan og koordinator ... 20
12 Kommunal gjennomgangsbustad ... 22
13 Korttidsopphald i institusjon ... 23
14 Langtidsplass i institusjon ... 25
15 Matombringing ... 27
16 Omsorgsbustad ... 28
17 Omsorgsstønad ... 30
18 Praktisk bistand og opplæring ... 32
19 Rehabilitering i institusjon ... 34
20 Støttekontakt ... 36
21 Velferdsteknologi ... 38

# 2 Mål med helse- og omsorgstenestene i Sunnfjord kommune

Hovudmålet til den kommunale helse- og omsorgssektoren er å gje tenester med god kvalitet gjennom brukardeltaking og kompetente medarbeidarar, kombinert med at tenestene blir gitt innanfor vedtekne økonomiske rammer.

Saman med sentrale føringar er dette dokumentet meint å vere rettleiande for kommunen sine innbyggarar og tilsette. Målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenestene som vert ytt med bakgrunn i myndigheitskrav, politisk prioritering, faglege og juridiske vurderingar.

Ein tenestestandard er å forstå som ei skildring av omfang og innhald i ei teneste. Standardane skal vidare seie noko om formålet med tenesta, samt målgruppe og vilkår for tildeling. Dei skal også seie noko om kva tenestemottakarane kan forvente seg av kommunen, og kva kommunen kan forvente av tenestemottakarane.

Tenestestandardane som er omtala i dette dokumentet gjeld frå 01.01.19, og er felles for dei 4 kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal som blir Sunnfjord kommune frå 01.01.2020. Derfor har vi også nytta omgrepet Sunnfjord kommune når vi har omtala kommunenamn.

## 2.1 Kommunane sitt ansvar

Kommunane har overordna ansvar for organisering og fordeling av heilskaplige koordinerte helse- og omsorgstenester lokalt i sin kommune.

Kommunane har planleggings- og driftsansvaret for tenestene. Dette gjeld også det faglege og økonomiske ansvaret, samt arbeidsgjevaransvaret for dei som arbeidar der. I samsvar med internkontrollforskrifta må kommunane sørgje for systematiske tiltak som sikrar at aktivitetane i verksemda vert planlagd, organisert, utført og vedlikehalde i samsvar med dei krav som er fastsatt i helse- og omsorgstenestelovgivinga.

Helse - og omsorgstenestelova § 3-1 slår fast kommunane sitt ansvar:

> *«. Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester.*
> *Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.*
>
> *Kommunens ansvar etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift. Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om pliktens innhold.*
>
> *§ 1-1.Lovens formål*
> *Lovens formål er særlig å:*
>
> 1. *forebygge, behandle og tilrettelegge for mestring av sykdom, skade, lidelse og nedsatt funksjonsevne,*
> 2. *fremme sosial trygghet, bedre levevilkårene for vanskeligstilte, bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer,*
> 3. *sikre at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre,*
> 4. *sikre tjenestetilbudets kvalitet og et likeverdig tjenestetilbud,*
> 5. *sikre samhandling og at tjenestetilbudet vert tilgjengelig for pasient og bruker, samt sikre at tilbudet er tilpasset den enkeltes behov,*
> 6. *sikre at tjenestetilbudet tilrettelegges med respekt for den enkeltes integritet og verdighet og*
> 7. *bidra til at ressursene utnyttes best mulig.»*

*Kommunens «sørgje for – ansvar» etter første ledd inneberer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at tenesta sitt omfang og innhald er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift.»*

Lov om pasient- og brukarrettigheter § 2-1a seier noko om rett til naudsynt hjelp frå kommunen:

*§ 2-1 a.Rett til nødvendig hjelp fra kommunens helse- og omsorgstjeneste*
*Pasient og bruker har rett til øyeblikkelig hjelp fra kommunen, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-5.*

*Pasient og bruker har rett til nødvendige helse- og omsorgstjenester fra kommunen.*

*Pasient og bruker har rett til et verdig tjenestetilbud i samsvar med helse- og omsorgstjenesteloven § 4-1 første ledd, bokstav b.*

*Kommunen skal gi den som søker eller trenger helse- og omsorgstjenester, de helse- og behandlingsmessige opplysninger vedkommende trenger for å ivareta sin rett.*

*Kongen kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om hva som skal anses som helse- og omsorgstjenester som pasient og bruker kan ha rett til.*

## 2.2 Ord og uttrykk

- Tenestemottakar – den som får tenester
- Tenesteytar – kommunalt tilsette som utfører tenester
- Omsorgsytar - føresette og pårørande som yter omsorg
- KPR – Kommunalt pasient- og brukarregister, lovpålagt kartlegging av funksjon
- Ansvarsgruppe – møtepunkt med brukar på tvers av fag- og sektorgrenser
- Individuell plan – overordna plan for å koordinere tenestene for brukaren
- Koordinator – ansvarleg for individuell plan og leiing av ansvarsgruppe

# 3 Sakshandsaming ved søknader om helse- og omsorgstenester i Sunnfjord kommune

## 3.1 Grunnlag for tildeling

Sunnfjord kommune ønskjer å:

- Sikre søkjar ei individuell og tverrfagleg vurdering av behov for helse- og omsorgstenester
- Tildele rett hjelp, til rett tid, på rett stad, i rett mengde, med mål om å støtte opp om den einskilde sine eigne ressursar og eiga meistringsevne i kvardagen både i og utanfor heimen
- Hjelpe tenestemottakar til å bu lengst mogeleg i eigen bustad
- Tildele tenester i tråd med lågaste effektive omsorgsnivå (LEON), innafor gitte økonomiske rammer

## 3.2 Sakshandsaming i Sunnfjord kommune

- Søknad om helse -og omsorgsteneste skal handsamast etter aktuelle gjeldande lover, regler, forskrifter, politiske føringar og i samarbeid med søkjar
- Søkjar må bu eller opphalde seg i den kommunen det vert søkt hjelp i

- Søknaden må vere signert av søkjar, evt. med fullmakt dersom andre skal søkje på vegne av søkjar
- Sakshandsamar i kommunen tek kontakt med søkjar/tenestemottakar for kartleggingssamtale seinast tre veker etter at signert søknad er mottatt
- Det vert gjennomført KPR – kartlegging i samarbeid med søkjar / pårørande. Behovet for supplerande kartlegging vert vurdert i kvart enkelt tilfelle
- KPR informasjonsbrosjyre blir levert ut til alle søkjarar og gjennomgått ved behov
- Første vedtak vil ofte vere eit kort utprøvingsvedtak (frå ei veke inntil tre månader) der framtidig tenestebehov blir vurdert
- All datainnsamling vert dokumentert og teken med i vurderinga av tenestebehov
- Søknader og personlege opplysningar vert behandla konfidensielt, og er omfatta av teieplikta
- Søkjar/tenestemottakar skal i møte med helse- og omsorgstenestene få god informasjon om tenester, rettar og plikter, samt god service prega av tilgjengelege og imøtekomande personell
- Ved behov for nødvendig helsehjelp etter sjukehusinnlegging eller akutt behov for nødvendig helsehjelp utan sjukehusinnlegging, vil kommunen vurdere kva tiltak/tenester som skal bli ytt.
- Vedtak om tenester vert evaluert jamleg, minimum ein gang per år. Ved endring av behov skal tenestemottakar gje melding til kommunen

## 3.3 Klage over enkeltvedtak

- Part eller annan med rettsleg klageinteresse kan påklage enkeltvedtak
- Klage skal sendast til kommunen, som vidaresender til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Klagen må setjast fram innan klagefristen går ut
- Klagen bør vere skriftleg
- Klagen må innehalde kva vedtak det vert klaga over
- Dersom det ikkje kjem til nye opplysingar, skal saka sendast over til handsaming i Klageutvalet for helse- og omsorgstenestene

## 3.4 Generelle forventningar til den som handsamar søknaden

- Skal gje relevant informasjon om tenester innan helse- og omsorgstenesta
- Held teieplikta
- Møter tenestemottakar med respekt
- Handsaming av søknad og tildeling av tenester skjer etter ei individuell og tverrfagleg vurdering

## 3.5 Forventningar til tenesteytar

- Held teieplikta
- Møter tenestemottakar med respekt
- Utfører tenestene i tråd med vedtaket
- Personalet har ikkje høve til å ta i mot pengebeløp eller større gåver
- Tenesteyter har ansvar for rutinar, prosedyrar og innhenting av samtykke for utføring av sine tenester

### 3.6 Forventningar til tenestemottakar

- Gir naudsynt informasjon, samt samtykke til innhenting av relevante opplysningar for vurdering og tildeling tenester
- Gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket
- Sikre at husdyr i heimen ikkje er til sjenanse for tenesteytar
- Sørgje for at huset er utlufta før tilsette kjem, dersom det blir røykt i heimen
- Gir beskjed om endring av behov til tildelingskontoret eller tenesteytar
- Respekterer arbeidstida til tenesteytarane og brukar vakttelefon utanom ordinær kontortid
- Melder frå til tenesteyter om behov for informasjon, råd, rettleiing eller eventuelt klage
- Sikrar at vegen fram til eigen bustad er framkomeleg
- Gir tenesteyter tilgang til bustad, t.d sørgjer for at nøkkelboks kan settast opp
- Det må vera lys utandørs slik at det er lett å finna fram
- Aksepterer at det vert lagt til rette i bustaden, f.eks. med hjelpemiddel og ommøblering

# 4 Avlastning barn

| **Type teneste** | **Avlasting barn** |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-6, 2. |
| **Klageadgang** | Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2. |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | Det er ikkje eigenbetaling for denne tenesta. |
| **Mål for tenesta** | Å avlaste føresette, slik at barnet framleis kan bu heime. |
| **Kriterium for tildeling** | • Kommunen tildeler tenester på bakgrunn av søknad.<br>• Tilbodet er for føresette og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid.<br>• Omsorgsbehovet er slik at det gir avgrensa mogelegheit til nødvendig og regelmessig ferie og fritid for føresette og familiar.<br>• Omsorgsbehovet er av fysisk, psykisk eller sosial karakter, og må vere større enn det som er normalt for barnet sin alder. |
| **Praktiske opplysningar** | • Avlasting kan skje i og utanfor institusjon.<br>• Kommunen vurderer avlasting opp mot andre tenester og tiltak.<br>• Avlastingstilbodet gjeld i utgangspunktet ikkje på høgtidsdagar.<br>• Føresette må søkje spesielt om avlasting på dagar der skule og barnehage er stengt.<br>• Barnet må ha med seg naudsynt personleg utstyr, medisinar, hjelpemiddel m.m. til avlasting. |
| **Forventningar til tenesteytar** | Tenesteytar skal<br>• opptre på ein respektfull måte<br>• utarbeide tidsfesta plan for avlastning<br>• utpeike kontaktperson eller primærkontakt til brukar |
| **Forventningar til tenestemottakar** | Tenestemottakar skal<br>• gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket<br>• sørgje for transport til og frå avlasting, inkludert transport av naudsynt utstyr |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

# 5 Avlastning i institusjon

| Type teneste | Avlasting i institusjon for vaksne |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §3-6, 2 |
| **Klageadgang** | Lov om pasient- og brukar rettigheter §7-2 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | Det er ikkje eigenbetaling for denne tenesta |
| **Mål for tenesta** | • Å avlaste personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid, slik at den omsorgstrengande kan bu lengst mogeleg i eigen heim |
| **Kriterium for tildeling** | • Kommunen tildeler tenester på bakgrunn av søknad.<br>• Tilbodet er for personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid.<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta.<br>• Omsorgsbehovet er slik at det gir avgrensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie og fritid for omsorgsytaren.<br>• Den omsorgstrengande kan ikkje vere åleine heile eller delar av døgeret.<br>• Omsorgsbehovet kan vere av fysisk, psykisk eller sosial karakter, og vere omfattande. |
| **Praktiske opplysningar** | • Avlastinga er tidsavgrensa.<br>• Tenestemottakar må sjølv betale for aktivitetar som ikkje skjer i regi av institusjonen<br>• Den som tek imot avlastningsopphald må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel.<br>• Omfang og innhald av tenesta vert individuelt tilpassa etter avtale med tenestemottakar. Kommunen har høve til å avgrense tilbodet, etter faglege vurderingar. |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | • Tilbodet inneheld ikkje utgreiing, behandling og rehabilitering.<br>• Transport til og frå opphaldet. |
| **Forventningar til tenesteytar** | • Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte<br>• Legg til rette for at den omsorgstrengande får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket<br>• Gir naudsynt informasjon, samt samtykkje til å innhente relevante opplysningar for vurdering og tildeling av teneste.<br>• Set seg inn i vedtak om avlastning i institusjon<br>• Omsorgstrengande utfører sjølv det han/ho meistrar<br>• Sørgjer for at private klede er merka med namn<br>• Er ansvarleg for transport til og frå avlastningsopphaldet |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

# 6 Brukarstyrt personleg assistent (BPA)

| Type teneste | Brukarstyrt personleg assistent (BPA) |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | • Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-8, jfr. § 3-2 punkt 6, bokstav b<br>• Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a og 2-1d |
| **Klageadgang** | Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | Ingen eigenbetaling i dag<br>Etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §11 - 2 kan ein kreve betaling for BPA som teneste |
| **Mål for tenesta** | • Bidra til at tenestemottakar får leve og bu sjølvstendig i eigen heim<br>• Bidra til at tenestemottakar kan ha eit aktivt og meiningsfylt liv til tross for sin funksjonshemming<br>• Bidra til at familiar med barn med nedsett funksjonsevne kan oppleve størst mogleg grad av likeverd, likestilling og samfunnsdeltaking |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta<br>• Ordninga omfattar ikkje helsetenester<br>• Tenesta ytast vanlegvis i staden for tradisjonelle helse- og omsorgstenester eller praktisk bistand<br>• Tenestemottakar må vere under 67 år for å få tildelt tenesta<br>• Tenestemottakar må ha eit langvarig (over 2 år) og stort behov (minst 32 timar pr veke) for personleg assistanse.<br>• Hjelpebehov mellom 25 og 32 timar pr veke kan ha rett til å få dette organisert som brukarstyrt personleg assistanse dersom kommunen ikkje kan dokumentere at det fører til vesentleg auka kostnader |
| **Praktiske opplysningar** | • Rolla som arbeidsleiar vert ikkje løna<br>• Kommunen er ansvarleg for kvaliteten i tenestene inkl. at det er eit forsvarleg arbeidsmiljø, og etablerer derfor tilsynsordning i kvar einskild sak<br>• Tenesta vert vurdert saman med og/eller i staden for andre tenestetilbod |

| | |
|---|---|
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | • Retten omfattar ikkje tenester som krev fleire enn ein tenesteytar til stades eller nattenester, med mindre brukaren kontinuerleg har behov for slike tenester.<br>• Retten omfattar ikkje hjelp i høve skule og arbeid. Nav har ansvar for å tilby støtteordningar i høve skule og arbeid<br>• Personer som får tildelt teneste må være i stand til å ta arbeidsleiarrollen eller ha ein nærståande person som kan vere arbeidsleiar<br>• Retten gjeld så lenge tenestemottakar oppheld seg i kommunen |
| **Forventningar til tenesteytar** | • Yte bistand til å skaffe personlige assistentar<br>• Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim |
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket.<br>• Tenestemottakar eller anna medhjelpar tek på seg ansvaret som arbeidsleiar, og har dermed også ansvar for organisering og administrering av tenesta innanfor vedtaket sine råmer.<br>• Tenestemottakar eller annan som kommunen godkjenner må ha evne til å kunne ta på seg rolla som arbeidsleiar |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

# 7 Dagtilbod til eldre og personar med demenssjukdom

| Type teneste | Dagtilbod eldre og/eller personar som har demenssjukdom |
|---|---|
| Lovgrunnlag | Dette er ikkje ei lovpålagd teneste før 01.01.2020, men tenesta inngår som ein viktig del av Sunnfjord kommune sitt tenestetilbod.<br><br>Ved nokre høve kan tenesta bli vurdert som avlastingstiltak etter Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-6, 2. |
| Klageadgang | Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2. |
| KPR-registrering | Ja |
| Kostnad | Det blir kravd eigenbetaling |
| Mål for tenesta | • Bryte einsemd<br>• Gje avlasting til pårørande<br>• Bidra til utsetting av opphald i institusjon |
| Kriterium for tildeling | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak ·<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta<br>• Tenestemottakar må ha behov for å auke sin fysiske, psykiske og sosiale eigenomsorg<br>• Tenestemottakar må ha behov for rettleiing/trening/aktivisering og vedlikehald av ferdigheiter<br>• Må vere heimebuande<br>• Må ha fått eller vere under utgreiing for ein demensdiagnose<br>• Må kunne nyttiggjere seg av tilbodet slik at aktivitetane bidreg til å vedlikehalde funksjonsnivået |
| Praktiske opplysningar | • Opningstidene og tilbodet vil variere frå dagtilbod til dagstilbod |
| Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer | • Følgje til lege/spesialisthelseteneste/tannlege mm |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenesteytar** | • Tenesteytar møter brukarane med respekt og forståing<br>• Tilbodet vert tilrettelagt slik at den enkelte føler meistring i dei arbeidsoppgåvene dei gjer |
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar<br>• Delta i eige tilbod<br>• Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket<br>• Gje melding dersom ein ikkje kan møte opp til avtalt tid |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

# 8 Dagtilbod 18-67 år

| Type teneste | Dagtilbod 18-67 år |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Dette er ikkje ei lovpålagd teneste, men tenesta inngår som ein del av tenestetilbodet.<br><br>Ved nokre høve kan tenesta bli vurdert som avlastingstiltak etter Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-6, 2. |
| **Klageadgang** | Lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | Det blir ikkje kravd eigenbetaling |
| **Mål for tenesta** | • Gje trivsel og hjelpe til å kunne delta med samfunnsnyttig arbeid/aktivitet ut frå eigne føresetnadar<br>• Oppleve ein strukturert og meiningsfull kvardag<br>• Ta del eigen livssituasjon og framtid<br>• Vere deltakar i ein sosial samanheng<br>• Ivareta behov for fysisk aktivitet og sansestimulering |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og resulterer i einskildvedtak<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta<br>• Eit tilbod til menneske med psykisk utviklingshemming og menneske med psykiske utfordringar, og som av ulike årsaker ikkje kan delta i vanleg arbeidsliv<br>• Søkjar må ha behov for rettleiing/trening/aktivisering og vedlikehald av ferdigheiter |
| **Praktiske opplysningar** | • Tilbodet vil kunne variere |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | • Følgje til fastlege/lege/tannhelseteneste eller spesialisthelsetenesta<br>• Transport til tenesta<br>• Måltid |
| **Forventningar til tenesteytar** | • Brukarane blir møtt respekt og forståing<br>• Tilbodet vert tilrettelagt slik at den einskilde føler meistring i dei arbeidsoppgåvene dei gjer<br>• Open dialog og tett samarbeid om utforming av tenesta til brukarar |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Deltaking i eige tilbod<br>• Oppmøte etter avtale<br>• Gje melding dersom ein ikkje kan møte opp |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

# 9 Heimehjelp

| Type teneste | Heimehjelp |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Lov om kommunale helse– og omsorgstjenester § 3-2, 6, bokstav b. |
| **Klageadgang** | Lov om pasient og brukerrettigheter § 7-2 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | Det vert krevd eigenbetaling |
| **Mål for tenesta** | • Gje hjelp til praktiske gjeremål i tenestemottakar sin heim<br>• Brukar skal klare seg i eigen bustad med nødvendig hjelp, slik at behov for plass på institusjon vert unngått eller utsett |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og resulterer i einskildvedtak<br>• Tenesta er behovsprøvd og vert tildelt etter kartlegging<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta<br>• Søkjar må grunna sjukdom eller nedsett helse ha vanskar med å ivareta nødvendig stell av eigen bustad |
| **Praktiske opplysningar** | • I vedtaket vert det skildra innhald og tidsbruk for tildelt heimehjelp<br>• Nødvendig og funksjonelt utstyr til vask og reingjering må være tilgjengelig |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | • Stryke kle<br>• Reingjere område over «skulderhøgde» eller rom som ikkje er i bruk<br>• Opplæring til hushald<br>• Hagearbeid<br>• Nedvask<br>• Vask av vindauge<br>• Bake<br>• Rydde og vaske etter friske pårørande eller besøkjande<br>• Hjelp til kjæledyrhald<br>• Flytte bossdunkar<br>• Frakte boss til bossfylling<br>• Gjere i stand til høgtider<br>• Flytte møbler<br>• Hente post<br>• Måke snø<br>• Hente ved og fyre i omnen |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenesteytar** | • Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim<br>• Halde teieplikta<br>• Tilstrebe at brukar får færrast tenestytarar å forhalde seg til<br>• Tenestene vert gitt til avtalt dag og tid<br>• Dersom tenesteytar er forhindra frå å møte til avtalt tid må det meldast til brukar snarast råd er<br>• Det er mulig å bytte dag så lenge tenesteytar får beskjed om dette innan 1 veke på førehand<br>• Heimehjelp vert ikkje utført på helg og høgtidsdagar.<br>• Dersom hjelpa unntaksvis ikkje vert gitt til avtalt dag vil brukar få tilbod om anna dag<br>• Tenesteytar skal ikkje nytte brukaren sitt bankkort for kontantuttak eller varehandel.<br>• Tenesteytar skal ikkje handtere brukar sine kontantar. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Brukar skal utføre mest mulig sjølv.<br>• Om ikkje anna er avtalt skal brukar være tilstades når tenesteytar utfører praktisk bistand.<br>• Gi beskjed seinast 1 veke på førehand dersom det er ønske om å avlyse besøket/byte dag. Ved akutte situasjonar må ein gje beskjed så raskt som råd.<br>• Heimen skal være lagt til rette for at heimehjelparen får ein god arbeidsplass.<br>• Bruk av nøkkelboks er ønskjeleg om det er vanskelig for tenestemottakar å opne døra sjølv.<br>• Brukar må syte for naudsynt utstyr i heimen, slik som; vaskemaskin, vaskeutstyr, støvsugar, klutar, toalettbørste og liknande.<br>• Husdyr skal haldast i trygg forvaring så lenge helsepersonell er i bustaden.<br>• Huset skal være røykfritt så lenge helsepersonell er i bustaden.<br>• Tillate tilpassing av hjelpemiddel i heimen dersom dette er naudsynt.<br>• Dersom heimen har behov for grundig opprydding og reingjering må dette utførast av andre før oppstart av tenesta<br>• På vinterstid er det brukar sitt ansvar at det er brøyta og strødd fram til inngangen av huset slik at tenesteytar kjem fram |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

## 10 Heimesjukepleie

| Type teneste | Heimesjukepleie |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §3-2, 6a |
| **Klageadgang** | Lov om pasient- og brukerrettigheiter § 7-2 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | Det vert ikkje kravd eigenbetaling |
| **Mål for tenesta** | • Gje tenestetilbod til akutt eller kronisk sjuke som treng naudsynt helsehjelp i heimen<br>• Gje tenestetilbod på rett nivå ut i frå kartlegging av tenestemottakar sitt behov<br>• Tenestemottakar skal klare seg i eigen bustad med nødvendig hjelp<br>• Behov for plass på institusjon vert unngått eller utsett |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak.<br>• Ordninga er behovsprøvd og er tidsavgrensa<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta<br>• Tenestemottakar har behov for naudsynt helsehjelp for å kunne bu heime<br>• Tenestemottakar må bu eller opphalde seg i kommunen |
| **Praktiske opplysningar** | • Alle som mottar heimesjukepleie meir enn 3 månader kan ha rett på fri tannbehandling frå offentleg tannklinikk<br>• Dersom det oppstår akutte situasjonar i tenesta, kan enkelte oppdrag bli utsett eller avlyst |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | • Fylgje til lege og korttidsopphald på sjukeheim<br>• Skyss/transport i bil<br>• Handle matvarer<br>• Tenester som kan utførast ved legesenter (sårstell, blodprøvetaking, urinprøver, injeksjonar mm)<br>• Vi gjev som hovudregel ikkje heimeteneste som tilsyn |
| **Forventningar til tenesteytar** | • Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte i tenestemottakar sin heim<br>• Færrast mogleg tenestytarar<br>• Dersom hjelpa ikkje kan gjevast til avtalt dag/tidspunkt vil tenestemottakar få tilbod om anna dag/tidspunkt<br>• Tenesteytar skal ikkje nytte brukaren sitt bankkort for kontantuttak eller varehandel<br>• Tenesteytar skal ikkje handtere brukar sine kontantar |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Tenestemottakar utfører mest mulig sjølv<br>• Tenestemottakar gjer seg kjend med vedtaket<br>• Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar<br>• Gje beskjed i god tid på førehand dersom det er ynskje om å avlyse besøket/byte dag. Ved akutte situasjonar må ein gje beskjed så raskt som råd<br>• Heimen skal vere lagt til rette for at heimetenesta får ein god arbeidsplass jf arbeidsmiljølova<br>• Bruk av nøkkelboks er ynskjeleg om det er vanskeleg for tenestemottakar å opne døra sjølv<br>• Husdyr skal haldast i trygg forvaring så lenge helsepersonell er i bustaden<br>• Huset skal være røykfritt så lenge helsepersonell er i bustaden<br>• Tillate hjelpemiddel i heimen dersom dette er naudsynt<br>• På vinterstid er det tenestemottakar sitt ansvar at det er brøyta fram til huset slik at tenesteytar kjem fram |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

## 11 Individuell plan og koordinator

| Type teneste | Individuell plan og koordinator |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Lov om kommunale helse- og omsorgstenester i kommunen kap. 7, §§ 7-1, 7-2. |
| **Klageadgang** | Lov om pasient- og brukerrettigheter § 4A-7 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | Det blir ikkje kravd eigenbetaling |
| **Mål for tenesta** | • Individuell plan er eit hjelpemiddel for å uttrykkje felles forståing mellom brukar og hjelpeapparatet om behovet for tenester og iverksetjing av tiltak |
| **Kriterium for tildeling** | • Tenestemottakar må ha behov for langvarige og koordinerte tenester som varar i meir enn 2 år, eller resten av levetida dersom denne er forventa å vere kortare enn 2 år |
| **Praktiske opplysningar** | • For alle aldersgrupper<br>• Tenestemottakar/føresette skal vere ein aktiv part i utarbeiding av individuell plan<br>• Ansvarsgruppa kan gjennom individuell plan tilrå tiltak og tenester, men det er tildelingskontoret som gjer endeleg vedtak<br>• Det vert oppnemnd koordinator som skal sikre samordning av tenestetilbodet og framdrift i arbeidet med individuell plan |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenesteytar** | **Forventningar til dei som tildeler tenesta:**<br>• Informere om individuell plan og ansvarsgruppe der dei ser det kan vere behov<br>• Tilby individuell plan og ansvarsgruppe der dei ser det kan vere eit behov<br>**Forventningar til koordinator:**<br>• Koordinator set i gang arbeid med individuell plan<br>• Innkalling til ansvarsgruppemøte skjer i samarbeid med tenestemottakar og pårørande<br>• Det skal som hovudregel haldast minimun eitt årleg møte i ansvarsgruppa, og om du har individuell plan skal den vere oppdatert og bli nytta som arbeidsverktøy i ansvarsgruppa |
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Gjere seg kjend med vedtaket<br>• Vere deltakar i ansvarsgrupper og i utarbeiding av planen |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

## 12 Kommunal gjennomgangsbustad

| Type teneste | Kommunal gjennomgangsbustad |
|---|---|
| Lovgrunnlag | Kommunal gjennomgangsbustad er ikkje ei lovpålagt teneste |
| Klageadgang | Lov om pasient- og brukarrettighetsloven § 7-2 |
| IPLOS-registrering | Ja |
| Kostnad | Husleigesatsar vert fastsett av kommunestyret kvart år |
| Mål for tenesta | • Hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden med å skaffe seg ein stabil busituasjon |
| Kriterium for tildeling | • Søkjar må vere over 18 år, og vere folkeregistrert i kommunen<br>• Søkjar må vere utan eigen bustad, og noverande bustad kan i liten grad tilpassast og tilretteleggast<br>• Søkjar må vere utan inntekt og formue som gjer vedkomande i stand til å skaffe seg bustad på eiga hand<br>• Det kan bli stilt krav om at tenestemottakar inngår avtale med kommunen om butrening<br>• Prioriterte grupper er:<br>    ○ Menneske med funksjonsnedsetting<br>    ○ Flyktningar<br>    ○ Personar som kjem frå institusjon/ fengsel<br>    ○ Personar med økonomiske problem |
| Praktiske opplysningar | • Kommunale gjennomgangsbustader vert tildelt for eit avgrensa tidsrom<br>• Leigeforholdet vert regulert av Husleigelova<br><br>**Leigeavtale:**<br>• Vert inngått med kommunen<br>• Er tidsavgrensa<br>• Leigeavtalen kan blir fornya etter søknad og særskilt vurdering<br>• Leigetakarar kan søkje bustønad frå Husbanken |
| Forventningar til tenestemottakar | • Set seg inn i kontrakt og husreglar for bustaden<br>• Tek i mot eventuelt tilbod om butrening<br>• Ivaretek bustaden<br>• Eiga innbuforsikring |
| Merknad | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

## 13 Korttidsopphald i institusjon

| **Type teneste** | **Korttidsopphald i institusjon** |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | • Lov om kommunale helse og omsorgstenester §3-2, punkt 6c<br>• Lov om pasient- og brukar rettigheter §2-1 a andre ledd |
| **Klageadgang** | Lov om pasient- og brukar rettigheter §7-2 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | Det blir kravd eigenbetaling |
| **Mål for tenesta** | • Gje tilbod om heildøgns pleie- og omsorg i institusjon i ein tidsavgrensa periode<br>• Formålet med opphaldet er å kartlegge brukar sitt funksjonsnivå og evne til eigenomsorg, samt vurdere behovet for framtidige tenester for at brukar skal kunne halde fram med å bu i eigen bustad |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak<br>• Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta<br>• Tenestemottakar må ha eit tidsavgrensa behov for døgnkontinuerleg opphald for observasjon, vurdering, behandling eller omsorg ved livets slutt<br>• Ved behov for observasjon og vurdering må det først avklarast med lege om behovet er av ein slik art at nødvendig helsehjelp må ytast av spesialisthelsetenesta<br>• Andre relevante tiltak skal på førehand vere vurdert og/eller utprøvd<br>• Akutt sjukdom hos omsorgsytar |
| **Praktiske opplysningar** | • Eigenbetalinga dekker kost, losji og legemiddel under opphaldet<br>• Forlenging av korttidsplass og eventuelt endring til langtidsplass blir kontinuerlig vurdert under opphaldet<br>• Den som tek imot korttidsplass må ha med seg naudsynt personleg utstyr, medisinar og hjelpemiddel.<br>• Tenestemottakar er ansvarleg for transport til og frå korttidsopphaldet |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | • Transport til og frå opphaldet |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenesteytar** | • Tenesteytar skal opptre på ein respektfull måte<br>• Legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar |
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket<br>• Brukar utfører sjølv det han/ho meistrar<br>• Sørgje for at private klede er merka med namn |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

# 14 Langtidsplass i institusjon

| Type teneste | Langtidsplass i institusjon |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | • Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, 6c<br>• Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 e |
| **Klageadgang** | Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2 |
| **IPLOS-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | Det blir kravd eigenbetaling |
| **Mål for tenesta** | • Yte pleie og omsorg til tenestemottakarar som har eit omfattande og døgnkontinuerleg hjelpebehov som ikkje kan gjevast på forsvarleg måte i eigen heim |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og resulterer i einskildvedtak<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta.<br>• Ved tildeling av plass på skjerma eining er det krav om diagnose.<br>• Før tildeling av institusjonsplass skal alle andre hjelpetiltak vere vurdert og/eller prøvd i eigen heim. |
| **Praktiske opplysningar** | • Vederlaget skal dekkje kost, losji, medisinar m.v., samt lovpålagde tenester som tilsynslege, fysioterapi og tannhelseteneste.<br>• Langtidsopphald i institusjon kan endrast dersom tenestemottakar si helse og funksjonsnivå endrar karakter, slik at heildøgnsomsorg ikkje lenger er naudsynt.<br>• Tenestemottakar, pårørande eller verje skal melde flytting til Folkeregisteret, Posten mm.<br>• Tenestemottakar som har rett til langtidsopphald i institusjon eller bustad med heildøgns pleie og omsorgsteneste kan bli sett på venteliste dersom det ikkje er plass (jfr forskrift om venteliste). |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | **Kostnader/utgifter som ikkje inngår i vederlaget:**<br>• Telefonutgifter<br>• Avisabonnement<br>• Frisør<br>• Fotpleie<br>• Andre velværebehandlingar<br>• Klede<br>• Hygieneprodukt utover det institusjonen tilbyr.<br>• Privat tannlege og fastlegetimar |

| | |
|---|---|
| | • Briller<br>• Høyreapparat |
| **Informasjon/forventningar om tenesteytinga** | • Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte overfor tenestemottakar og pårørande<br>• Det vert gitt hjelp til eigenomsorg i samsvar med eigne ressursar, og lagt til rette for å oppnå optimalt funksjonsnivå |
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Tenestemottakar utfører sjølv det han/ho meistrar.<br>• Rommet kan møblerast i samråd med institusjon<br>• Pårørande skal som hovudregel fylgje til tannlege, undersøkingar, kontrollar mm<br>• Private eigendelar er ikkje forsikra av kommunen<br>• Sørgje for at private klede er merka med namn |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

# 15 Matombringing

| Type teneste | Matombringing |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Matombringing er ikkje ei lovpålagt teneste, men kan i enkelte høve bli vurdert til å være rett teneste for å oppnå forsvarlig helsehjelp. |
| **Klageadgang** | Pasient -og brukerrettighetsloven § 7-2 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | Det blir kravd eigenbetaling |
| **Mål for tenesta** | • Tenesta skal være til hjelp for å dekkje ernæringsbehovet til innbyggjarar som av ulike grunnar ikkje er i stand til å dekkje dette behovet sjølv |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak<br>• Personar med samtykkekompetanse må sjølv ynskje tenesta<br>• Må ha fast bustad i kommunen<br>• Tenestemottakar må være ute av stand til å ivareta sitt eige ernæringsbehov<br>• Tenestemottakar må forplikte seg til faste leveringsdagar |
| **Praktiske opplysningar** | • Tenesta er eit månadsabbonement og gjeld utlevering av varm middag<br>• Diettmat vert levert dersom det er medisinske grunnar til det<br>• Pris per porsjon vert årleg vedteke av kommunestyret<br>• Faktura  vert sendt ut på etterskot kvar månad<br>• Det vert fakturert for middag som ikkje er avbestilt innan informerte fristar<br>• Kortvarige behov for endringar skal varslast til kjøkkenet/heimetenesta t.d. avbestilling |
| **Forventningar til tenesteytar** | • Middag vert levert i samsvar med vedtak, og i følgje forskrift om næringsmiddelhygiene § 13 kapitel V. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket<br>• Brukar må vere tilstades ved levering eller sørgje for at nokon tek imot maten.<br>• Behov for å gjere varige endringar på tal dagar med matlevering må avklarast med tildelingseininga. |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

# 16 Omsorgsbustad

| Type teneste | Omsorgsbustad |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Lov om pasient og brukerrettigheter §1-1<br>Lov om helse og omsorgstenester 3-2 6b |
| **Klageadgang** | Pasient -og brukerrettighetsloven § 7-2<br>Forvaltningsloven §28-34 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | • Husleigesatsar vert fastsett av kommunestyret kvart år |
| **Mål for tenesta** | • Formålet med omsorgsbustader er å kunne huse bebuarar med nedsett funksjonsnivå, slik at desse kan ha eit mest mogleg sjølvstendig liv. |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak.<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta.<br>• Søkjar må vere over 18 år, og ha vore folkeregisterført i kommunen i minimum dei to føregåande åra<br>• Søkjar har helsesvikt og/eller er fysisk eller psykisk funksjonshemma<br>• Søkjar sin noverande bustad er lite funksjonell, og gjev lite rom for utnytting av søkjar sine ressursar til eigenomsorg. Noverande bustad kan i liten grad tilpassast<br>• Tildeling av omsorgsbustad kan hindre eller utsetje behov for institusjonsopphald, og gje søkjar auka sjølvstende i eigen kvardag.<br>• Kan tildelast mellombels dersom dette kan betre tenestemottakar si funksjonsevne slik at han kan flytte tilbake til eigen heim. |
| **Praktiske opplysningar** | • Omsorgsbustad kan bli tildelt for eit avgrensa tidsrom<br>• Leigeforholdet vert regulert av Husleigelova<br>• Leigeavtale vert inngått med kommunen<br>• Leigetakar kan søke bustønad<br>• Tenestemottakar må sjølv møblere bustaden og ha eiga innbuforsikring.<br>• Tenestemottakar må sjølv melde flytting til Folkeregisteret, Posten mm. |
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | • Inn og utflytting av omsorgsbustader<br>• Nedvask av omsorgsbustader<br>• Dagleg vedlikehald som reinhald, skifte av lyspærer m.m som er knytt til normal slitasje/forbruk |
| **Forventningar til tenesteytar** | • Tenesteytar opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar. |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar<br>• Gjer seg kjend med vedtak<br>• Vi forventar at tenestemottakar har vurdert nødvendige utbetringar av eigen bustad før ein søkjer omsorgsbustad<br>• Det vert forventa at tenestemottakar har vurdert å kjøpe eller leige funksjonell bustad på den private marknaden, men at dette ikkje har ført fram |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

## 17 Omsorgsstønad

| Type teneste | Omsorgsstønad |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Lov om kommunale helse og omsorgstenester §3-6, 3 |
| **Klageadgang** | Lov om pasient- og brukarettigheter §7-2 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | |
| **Mål for tenesta** | Gje stønad til pårørande for privat, særleg tyngjande omsorgsarbeid |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som blir handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta<br>• Omsorgsarbeidet må vurderast som særleg tyngande<br>• Den hjelpetrengande må vere heimebuande<br>• For barn må omsorga klart overstige vanleg omsorg for barn på same alder<br>• Den omsorgstrengande må ha eit hjelpebehov på grunn av sjukdom, alder, funksjonshemming eller andre årsaker.<br>• Omsorgssituasjonen er forventa å vare over tid og skal gjelde nødvendige omsorgsoppgåver.<br>• Det er ein føresetnad at søkjar utfører omsorgsarbeid som elles ville høyre inn under helse- eller omsorgstenesta i kommunen.<br>• For at omsorgsstønad skal tildelast, må både kommunen og den som har behov for tenestene vurdere omsorgsytar si omsorgsevne som mest tenleg og naudsynt.<br>• Det må vere søkt om hjelpestønad frå NAV<br>• Inntektstap gjev ikkje automatisk rett på omsorgsstønad<br>• Det skal takast omsyn til om tildeling av omsorgsstønad er til det beste for den som treng hjelp.<br>• Omsorgsstønad må vurderast oppimot andre tenester og tiltak. |

| | |
|---|---|
| **Praktiske opplysningar** | • Omsorgsstønad kan bli gjeven for ein avgrensa tidsperiode og vert revurdert ved behov<br>• Det vil bli laga oppdragskontrakt<br>• Omsorgsstønad gjev ikkje rettar i høve fast tilsetting i kommunen<br>• Omsorgsstønad er skattepliktig inntekt<br>• Omsorgsstønad vert utbetalt i 12 månader, og gjev difor ikkje rett til feriepengar<br>• Omsorgsytar har ikkje rett til sjukepengar dei første 16 dagane, og har heller ikkje rett til feriepengar, kveld-, natt-, laur-/søndags- el. Helligdagstillegg<br>• Omsorgsstønad vert ytt for faktisk utført oppdrag<br>• Kommunen brukar anbefalt statleg timesats<br>• Minstestandard for tildeling av omsorgsstønad er 3 timar/veke<br>• Øvre tak for omsorgsstønad er tilsvarande full stilling med lønna dagarbeid<br>• Søkjar kan vere omsorgsytar eller den hjelpetrengande sjølv.<br>• Hjelpestønad og andre tiltak kjem til fråtrekk ved utmåling |
| **Forventningar til tenesteytar** | • Dersom omsorgsmottakaren vert teken inn i kommunen sine institusjonstilbod eller vert innlagt i private-, fylkeskommunale- eller statlege institusjonar, vil det ved opphald utover ei veke verte føreteke trekk i omsorgsstønaden. Oppdragstakar pliktar å gje melding om slike mellombels opphald til oppdragsgjevar. |
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Gje naudsynt informasjon, samt samtykkje til å innhente relevante opplysningar for vurdering og tildeling av teneste<br>• Sette seg inn i oppdragskontrakt<br>• Sette seg inn i vedtak om omsorgsstønad |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

# 18 Praktisk bistand og opplæring

| Type teneste | Praktisk bistand og opplæring |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 punkt 6, bokstav b. |
| **Klageadgang** | Pasient og brukarrettigheitslova § 7-2 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | (Ingen eigenbetaling pr dato)<br>Etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §11 - 2 kan ein kreve betaling for tenesta |
| **Mål for tenesta** | • Bidra til å gje tenestemottakar med samansette hjelpebehov gode levekår og livskvalitet<br>• Tenesta skal kompensere for nedsett evne til eigenomsorg<br>• Tenesta skal bidra til at brukar vert mest mogeleg sjølvhjelpen i dagleglivet |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta<br>• Søkjar må grunna fysisk eller psykisk funksjonshemming ha eit særleg stort hjelpebehov, der det også er naudsynt med tilrettelegging i dagleglivet<br>• Det må føreligge helseopplysingar som tilseier at søkjar ikkje har tilstrekkeleg eigenomsorg, eller er heilt avhengig av praktisk eller personleg hjelp i dagleglivet |
| **Praktiske opplysningar** | • Basisen i arbeidet er opplæring og målretta miljøarbeid - hjelp til sjølvhjelp<br>• Tenesta vektlegg aktiv brukarmedverknad, sjølvstendiggjering og deltaking<br>• Personar med heimetenester har rett til tannbehandling ved offentlig tannklinikk<br>• Tenesta vert gjeven for ein avgrensa tidsperiode, og vert evaluert minimum 1 gong kvart år. Dersom det ikkje er tilfredsstillande måloppnåing, vert tenesta revurdert. |

| | |
|---|---|
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | • Oppgåver tenestemottakar kan gjere sjølv<br>• Praktisk hjelp til reingjering av heimen som ikkje er knytt til opplæring, er å sjå på som heimehjelpsrelatere oppgåver |
| **Forventningar til tenesteytar** | • Tenesteytar opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar<br>• Tenestemottakar får færrast mogeleg tenesteytarar<br>• Tenesta vert gitt til avtalt dag og tid<br>• Tenesta vert gitt i samarbeid med brukar |
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar<br>• Vere aktiv deltakar i eige liv |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

# 19 Rehabilitering i institusjon

| Type teneste | Rehabilitering i institusjon |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §3-2 punkt 5 |
| **Klageadgang** | Lov om pasient- og brukar rettigheter §7-2 |
| **KPR-registrering** | Ja |
| **Kostnad** | Ja |
| **Mål for tenesta** | • Gje tilbod om rehabilitering til tenestemottakarar som har fått nedsett funksjonsevne som følgje av sjukdom eller skade<br>• Rehabilitering i institusjon vert nytta i ein avgrensa periode, med formål å sette tenestemottakar i stand til å gjenvinne funksjonsnivå og evne til eigenomsorg<br>• Brukar skal kunne reise heim etter avslutta rehabiliteringsopphald |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert behandla av tildelingseininga og som resulterer i eit einskildvedtak<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta<br>• For å ha rett på rehabilitering i institusjon må tenestemottakar ha behov for tidsavgrensa rehabilitering, og behovet må vere slik at tenesta ikkje praktisk kan ytast i heimen til tenestemottakar<br>• Tenestemottakar må vere motivert eller kunne motiverast for rehabilitering, og må vere i stand til å yte eigeninnsats og brukarmedverknad i rehabiliteringsprosessen<br>• Tenestemottakar må vere tilstrekkeleg medisinsk utgreia |
| **Praktiske opplysningar** | • Tenesta er tverrfagleg samansett<br>• Den som tek i mot rehabiliteringsopphald  må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenesteytar** | • Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte<br>• Samarbeide med tenestemottakar om målsetting for opphaldet utifrå vedtaket<br>• Skal legge til rette for at tenestemottakar får nytta og trene opp eigne ressursar slik at dei kan reise heim til eigen bustad etter opphaldet<br>• Tenestemottakar får tilbod om individuell oppfølging av fysioterapeut,  knytt til kartlegging og trening i daglege aktivitetar<br>• Sjukeheimslege vurderer tenestemottakar ved innkomst, og gjev oppfølging og tilsyn etter behov under opphaldet |
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Den enkelte tenestemottakar utfører sjølv det han/ho meistrar<br>• Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket<br>• Sørgjer for at private klede er merka med namn<br>• Tenestemottakar  er ansvarleg for transport til og frå opphaldet |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

## 20 Støttekontakt

| Type teneste | Støttekontakt |
|---|---|
| Lovgrunnlag | Lov om kommunale helse– og omsorgstjeneste § 3-2, 6b |
| Klageadgang | Klage etter Lov om pasient- og brukar rettigheter §7-2 |
| KPR-registrering | Ja |
| Kostnad | Ingen eigenbetaling |
| Mål for tenesta | • Skal bidra til ei meiningsfull fritid og deltaking med andre, samt legge til rette for at tenestemottakar kan danne nettverk<br>• Bidra til at tenestemottakar vert tryggare på seg sjølv, og i større grad kan meistre ulike livssituasjonar<br>• Gje hjelp til deltaking i ulike fritidsaktivitetar<br>• Bryte eller forhindre sosial isolasjon og einsemd |
| Kriterium for tildeling | • Tildeling av teneste skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta<br>• Søkjar har behov for hjelp og støtte til å meistre ulike fritidsaktivitetar, eller ha lite sosialt nettverk<br>• Støttekontakt vert ikkje rekna som rette tenesta i følgjande tilfeller:<br>  ○ Alvorleg realitetsbrist<br>  ○ Valdeleg og trugande åtferd<br>  ○ Stor rusproblematikk |
| Praktiske opplysningar | • Tenesta vert primært ytt i form av gruppeaktivitetar, men kan etter vurdering også gjevast individuelt<br>• Støttekontakt er til fritidsaktiviteter<br>• Treningskontakt er hjelp til å kome i fysisk aktivitet<br>• Det er ingen eigenbetaling for tilbod om støtte- eller treningskontakt, men tenestemottakar må sjølv dekke utgifter ein har til aktivitet, t.d kinobillettar, kafé, kontingent i idrettslag m.m.<br>• Det kan vere aktuelt å krevje at tenestemottakar søkjer om ordning med følgjekort<br>• Tenestemottakar må sjølv dekkje transport til dei ulike aktivitetane. Brukar de støttekontakten sin bil må tenestemottakar også dekkje dette |

| | |
|---|---|
| **Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer** | • Det blir ikkje ytt støttekontakt til følgjande aktivitetar:<br>- Hjelp til lekser<br>- Praktisk bistand i heimen<br>- Kvardagshandling<br>- Køyring til behandling, tannlege, lege, fysioterapi m.m. |
| **Forventningar til tenesteytar** | • Tenesteytar skal opptre respektfullt i møte med tenestemottakar<br>• Tenesta vert gitt i tråd med vedtak og kontrakt<br>• Tenesteytar melder frå til tildelingseininga dersom tiltaket ikkje når målsettinga<br>• Gjev melding til tenestemottakar når ein ikkje kan møte til avtalen |
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Tenestemottakar skal opptre respektfullt i møte med tenesteytar<br>• Set seg inn i vedtaket<br>• Er aktiv deltakar i tiltaket<br>• Gjev melding til tenesteytar når ein ikkje kan møte til avtaler |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |

## 21 Velferdsteknologi

| Type teneste | Velferdsteknologi |
|---|---|
| **Lovgrunnlag** | Velferdsteknologi er ikkje ei lovpålagt teneste, men kan i enkelte høve bli vurdert til å vere rett tiltak for å oppnå forsvarleg helsehjelp. |
| **Klageadgang** | Ja |
| **KPR-registrering** | Nei |
| **Kostnad** | Ja |
| **Mål for tenesta** | Velferdsteknologi tildelast for å gje tryggleik i eigen bustad og bidra til at tenestemottakar kan bu lengst mogleg i eigen heim |
| **Kriterium for tildeling** | • Tildeling av velferdsteknologi skjer på bakgrunn av søknad som vert handsama av tildelingseininga og som resulterer i einskildvedtak<br>• Personar med samtykkjekompetanse må sjølv ynskje tenesta |
| **Praktiske opplysningar** | • Det finst ulike sensorar ein kan knyte til tryggleiksalarmen og andre omsorgsteknologiske hjelpemiddel som kan bidra til å tryggje og ivareta individuelle behov i eigen heim<br>• Ved alarmar som er knytt til heimetenesta, kan det ta inntil 1 time før heimetenesta kan vere hjå tenestemottakar. Dette avheng av køyretid og kor raskt ein får avslutta pågåande oppgåve på forsvarleg måte<br>• Alarmen er knytt til alarmsentralen i Florø heile døgnet<br>• Dersom utstyret ikkje vert brukt i tråd med intensjonen, kan kommunen krevje utstyret tilbakelevert<br>• Tenestemottakar må syte for framkomeleg veg til bustaden<br>• Tenestemottakar må gje løyve til at nøkkelboks/elektronisk lås vert montert<br>• Det er ein (1) månads oppseiingstid<br>• Dersom det er behov for ekstra knapp til alarmen, kan husstanden får dette utan ekstra kostnad<br>• Vedlikehald og reparasjonar som fylgje av vanlig bruk vert dekka gjennom abonnementet<br>• Tenestemottakar må sjølv betale for skade på utstyr som skuldast aktløyse |
| **Forventningar til tenesteytar** | • Gi opplæring i bruk av velferdsteknologisk utstyr<br>• Yte hjelp så raskt som mogleg etter at alarm er utløyst<br>• Test og vedlikehald av velferdsteknologisk utstyr i samsvar med rutine<br>• Tenesteytar opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar. |

| | |
|---|---|
| **Forventningar til tenestemottakar** | • Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar.<br>• Gje melding til heimetenesta ved langvarig fråvær frå eigen bustad<br>• Utstyret vert behandla forsvarleg |
| **Merknad** | Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon |